
Hovudutval for opplæring

Saksbehandlar: Birger Spjeld

Arkiv: 152

Arkivsaksnr.: 04/00176

Saka er drøfta og klarert med:

Aktuell institusjon:		Forvaltningsavdelinga /Forv.dir.	
Annan avdeling:		- Personalseksjonen:	
Økonomiavdelinga:		- Bygge- og eigedomsseksjonen:	
Juridisk funksjon:		- Driftsseksjonen	
Andre:		- IT / Innkjøp	

Ansvarleg sakshandsamar sign. for utført handling:

Saka er godkjend av fylkesdirektøren:

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg:

Tal uprenta vedlegg: 1

BUDSJETT 2004 - FORDELING

Fylkesdirektøren rår hovudutval for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutval for opplæring fordeler rammene på tenestenivå slik det går fram av saksførelegget.
2. Restløyving til REAL – prosjektet vert disponert i samsvar med vedtak i HO-sak 0016/02 – ”Entreprenørskap i vidaregåande skule”

Prenta vedlegg:

Uprenta vedlegg:

Budsjett 2004 – Økonomiplan 2004 - 2007

Saksframstilling

1. Bakgrunn

Budsjett for 2004, fordelt på programområde og med ei samla ramme på **505.232** mill kr, vart vedteke av Fylkestinget i møte 9. desember.

Hovudutvalet skal i denne saka gjere fordelingsvedtak for eigne programområde. Eit fordelingsvedtak inneber at hovudutvala fordeler rammene for eigne programområde på tenester. I hovudsak vert denne fordelinga styrd av :

- **Lov og forskrift, medrekna lovfesta individuelle rettar**

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) fastset rammene for opplæringsverksemda i fylkeskommunen – om ungdom og vaksne sin rett til opplæring i skule og bedrift, spesialundervisning (tilrettelagt opplæring), oppfølgingsteneste m.m..

I forskriftene til lova finn ein m.a. bindande reglar for ulike sider ved organiseringa av opplæringa, reglar for inntak og kompetansekrav for undervisningspersonalet.

- **Statlege rundskriv**

I samband med gjennomføringa av R-94 vart det utarbeidd retningsliner for bruk av minste lærartimetal i ulike studieretningar. Rundskrivet frå KUF – F-28-95 er likevel ikkje bindande for fylkeskommunane. Sogn og Fj. fylkeskommune har nytta seg av denne fridomen og vedteke reduksjonar i minstekrava til lærartimetal. Innsparing om lag 4.5 mill. kr.

- **Avtaleverk**

Gjeldande avtaleverk for undervisningspersonalet er svært detaljert og omfattande. Løn og arbeidstid er styrt av eit komplisert særavtalesystem. Dette gjeld og skuleleiinga – der både ressurs og løn vert definert gjennom normtal - fastsett etter kombinasjonar av elevtal/ tal tilsette.

- **Vedteke klassetal**

Vedteke klassetal utløyser såleis ressursar til lærartimetal (undervisning), kontaktlærer, rådgjevar og skuleleiing og utgjør til saman den største kostnaden ved skuledrifta.

- **Tilleggsressursar etter fylkeskommunale vedtak**

Sogn og Fjordane har ein desentralisert skulestruktur. Studieretning AA (allmenne og øk.fag) har som føresetnad at elevane i VKI og VKII skal kunne velje studieretningsfag etter eigne interesser. Skular med 1 og 2 parallellar i AA vil berre kunne gje eit svært avgrensa fagtilbod om dei må leggje lærartimetala i Rundskriv F-28-95 til grunn.

I HU-sak 8/96 vart det difor gjort vedtak om å styrkje desse skulane med ei utviding av lærartimetalet – 42 timar over tre år for ein-parallell skular, 22 timar for to-parallell skular – samla kostnad om lag 5 mill. kr.

I tillegg er det og gjort lokale (politiske og administrative) vedtak om styrking av leiarressurs for fusjonsskular, tildeling av filialskuletillegg og særskild styrking av leiingsressurs på einskilde skular.

▪ **Organisering av tenestene (desentral struktur)**

Dei mange små skuleeiniane medfører etter måten høge kostnader knytt til administrasjon og leing. Dei sentrale avtalene gir størst ressurs til høvesvis små einingar.

Utgifter knytt til tenestemråde forvaltning, adm. m.v. vil elles og føre til kostnadsauke gjennom ”alt av alt” på mange driftseiningar og låg utnyttingsgrad av personale og utstyr.

2. Økonomisk ramme 2004

Budsjettet viser at Opplæringssektoren står overfor store oppgåver også i 2004.

Det ligg framleis ei betydeleg utfordring i å kunne vri bruken av midlar innan sektoren frå drift til utvikling.

Fordeling av budsjettet på dei vidaregåande skulane

Det er frå og med 2003 gjennomført skuleårsbudsjettering for dei vidaregåande skulane. Budsjett for vårhalvåret 2004 er såleis i hovudsak styrd av igangsett aktivitet hausten 2003. På bakgrunn av dette vil skulane førebels berre bli tildelte driftsmidlar for vårhalvåret 2004. Tildeling for hausthalvåret vil bli gjort når elevinntak/ endeleg klassetal er fastlagt.

Frå og med rekneskapsåret 2001 er det gjennomført ei ordning med resultatoverføring for skulane. Etter rekneskapsavslutninga vert innsparingar og overskridingar innan programområde 21-22, programområde 25 og teneste 2902 innan programområde 29 summert og skal føre til tilsvarande endring i skulane sine budsjett for neste år. Det er ikkje lagt bindingar på bruken av eventuelle innsparingar.

Resultatoverføring utvidar handlingsrommet til skulane og sikrar større fleksibilitet i bruken av tildelte midlar. Med relativt faste ressursrammer kan skulane gjennomføre meir langsiktige utviklingstiltak, spare til større investeringar eller forskuttere utgifter mot innsparing seinare år.

Teknisk fagskule

Skuleslaget er under omforming – både med omsyn til innhald og organisering. Det er vedteke at framtidig ordning for fagskulen skal utgreiast. Fylkeskommunen sin økonomiske medverknad må vurderast når dette arbeidet er gjort.

Det vert ikkje lenger overført midlar til drift av fagskuleopplæringa gjennom rammetilskotet. Drift av fagskulane er medteke i ramma for programområde 21-22. Netto kostnad i 2004 utgjør om lag 10.8 mill. kr.

Innsparingskrav

Frå Fylkestinget er sektoren pålagt ei samla innsparing på 1.9 mill kr i 2004 Dette er innarbeidd i budsjetterammene for 2004 gjennom reduksjonar i opplæringstilbodet frå h-2004 med 1.092 mill. kr og vaksenopplæringstilbodet med 0.865 mill kr. Årleg innsparingskrav i perioden 2005 – 07 er 4.2 mill kr som er fordelt med 2.4 mill kr. på ordinær opplæring og 1.8 mill kr på vaksenopplæring.

Utviding av sektorramme

Den påreknede aktivitetsreduksjonen i det ordinære opplæringstilbodet vert likevel motverka gjennom tilleggslyvingar.

I Budsjett 2004/ Økonomiplan 2004-07 heiter det m.a.:
"Sektoren har fått tilført 1.9 mill kr i 2004 og 2.4 mill kr årleg i perioden 2005-07 i ufordelte midlar. Hovudutval for opplæring avgjer bruken av desse midlane."
I HO – sak 0035/03 vedtok utvalet at auken i ramma i hovudsak skal nyttast til auke i opplæringstilbodet (auka klassetal) for skuleåret 2004/05.

Arbeidslivskontaktar

Ved slutthandsaminga av budsjettet gjorde fylkestinget vedtak om oppretting av arbeidslivskontaktar ved dei vidaregåande skulane i Florø, Høyanger og Årdal.
" Det ligg til hovudutvalet for opplæring å følgje opp dette vedtaket."
Årleg kostnad ved oppretting av tre halve stillingar knytt til den vedtekne tenesta vil bli om lag 0.750 mill. kr.

Fylkesdirektør for opplæring kan ikkje sjå at det er rom for iverksetjing av dette vedtaket innanfor tildelt ramme 2004. Vedtak om opplæringstilbodet for 2004/05 byggjer på nær maksimal utnytting av økonomisk ramme og med etter måten sterke krav til oppfylling.
Berre når faktisk søkjartal er kjend og inntak gjennomført er det mogeleg å slå fast om utlyst tilbod samsvarar med elevønskje etc. Kwart år har det blitt oppretta ekstraklassar og fremja søknad om tilleggsløyvingar i 2. tertial. Fylkesutvalet har i fleire samanhengar streka under at dette er ein lite ønskjeleg praksis og at opplæringssektoren må halde seg innanfor tildelte budsjetterrammer.

Midlar til utviklingstiltak, prosjektarbeid og fylkesplanrelatert programarbeid

I budsjettet for 2004 vedtok fylkestinget at bruken av desse midlane vert fastlagt av dei aktuelle hovudutvala. For Hovudutval for opplæring utgjer dette i 2004 0,2 mill kr øyremerka til Realprosjektet.
Hovudutval for plan og næring har fordelingsfullmakt i høve midlar til regional utvikling.

Saka om Strategisk handlingsprogram skal handsamast i fylkestinget våren 2004. Ein del av tiltaka/prosjekt innan handlingsprogrammet vil utløyse behov for tilføring av friske midlar. Nokre av desse tiltaka inngår som ein del av satsinga for at fylkeskommunen skal fylla rolla som regional utviklingsaktør.

3. Fordeling av vedtekne budsjetterrammer

Fylkesdirektøren tilrår følgjande fordeling på tenester innanfor dei tildelte rammene :

Programområde 21-22 Ordinær opplæring

Fylkesdirektøren viser til tekstdelen i "Budsjett 2004/ økonomiplan 2004 – 2007" og tilrår slik fordeling på tenestenivå:

Teneste	Opph budsjett 2003	Rev budsjett 2003	Budsjett 2004
2101 Forvaltning, adm. m.v.	38504000	39985000	40913000

2102 Utgifter til lokale	60153000	55565000	52460000
2111 Løn til undervisning	257961000	265499000	256713000
2112 Drift av studieretningane	7795000	8036000	8454000
2191 Jordbruksskulegardar	1713000	1760000	1760000
2201 Fellesutgifter for opplæring	5320000	4647000	5727000
2202 Eksamenskontoret	4672000	4198000	4608000
2211 Gjestelevar	6750000	6750000	6750000
2299 Utviklingsmidlar/ resultatoverføring		1690000	337000
Sum nettoløyving	382868000	387200000	377722000

Nærare omtale av einskilde tilhøve :

Programområdet omfattar i hovudsak tenester knytt til drift av skuleeiningane.

Teneste 2101 Forvaltning, adm. m.v er samansett av ansvarsområda kontoradministrasjon, bibliotekteneste og andre fellesutgifter.

Lønnskostnader til kontorphonale, bibliotektilsette, inspektørar ved eksamen og prøver evt. miljøkoordinator utgjør ein hovuddel av utgiftene.

I budsjett for 2004 er det lagt inn ein auke i løyvinga til miljøkoordinatorstillingar med kr. 500000. Av dette går kr. 250000 med til å finansiere heilårsverknad av stillingar oppretta i 2003.

Kr. 250000 dekkjer lønsauke knytt til tidlegare oppretta stillingar.

Det er såleis ikkje rom for å oppretta nye miljøkoordinatorstillingar i 2004.

Tildeling av driftsmidlar – t.d. kontormateriell, telefonkostnader vert delvis gjort med bakgrunn i faste normtal. Andre driftskostnader vert tildelt gjennom rammeløyving etter meir skjønsmessige vurderingar.

Opplæring og kursmidlar (personalutvikling) vert tildelt etter ei fast ordning bygt på basisressurs med tillegg for tal tilsette. Totalt utgjør dette om lag 1.6 mill kr. Ingen bindingar på bruken.

Teneste 2102 Utgifter til lokale. Vaktmeisterteneste og reinhald utgjør ein større del av kostnadane. Skular i Førde og Sogndalsområdet har eiga ordning for vaktmeistertenesta. Elles er energikostnader, offentlege avgifter (vatn, renovasjon, eigedomsskatt) og (for nokre av institusjonane) husleige store utgiftspostar.

Teneste 2111 Løn til undervisning – kostnadane er knytt til vedtak om undervisningstilbod. (sjå merknader i innleiinga) og kan delast mellom løn til personale som utfører den faglege opplæringa, kontaktlærarar (klassestyrar) og rådgjevarar – om lag 491 heile stillingar og løn til skuleleiing, verneleiarar, systemansvarlege og ulike tidsressursar/ kompensasjonstillegg m.m - 84 stillingar – til saman om lag 575 heile stillingar.

Teneste 2112 Drift av studieretningane gjeld løyvingar til utstyr og arbeidsmateriell og vert gjort etter faste normtal – ulike for dei einskilde studieretningane.

Teneste 2201 Fellesutgifter for opplæring. Ein stor del av utgiftene er knytt til overtals/ - omstillingsutfordringar ved omlegging av opplæringstilbod.

I denne ramma ligg og sentrale personal / – utviklingsmidlar 0,950 mill. kr.. Det er ikkje gitt klare føringar for bruken av midlane , men dei har blitt nytta til felles prosjekt for skulane(etterutdanning, miljøtiltak), tilskot til skular og einskildpersonar etter søknad.

Teneste 2211 Gjestelevar omfattar kostnader knytt til elevar som av ulike grunnar nyttar seg av opplæringstilbod i andre fylke. Hovuddelen av utgiftene er knytt til Hordalandsavtalen .

Teneste 2299 Utviklingsmidlar v/driftsavtale. Tre vidaregåande skular har inngått driftsavtale med fylkeskommunen for skuleåret 2003/04. Desse skulane fekk tildelt utviklingsmidlar til spesifiserte prosjekt. Budsjettsum for 2004 er kostnader knytt til vidareføring v-2004. Driftsavtaleskulane får elles tilført midlar etter same opplegg som andre skular. Råderett og ansvar i høve budsjett er og som for dei andre skulane.

Programområde 23 – Vedlikehald av skulebygg

Fylkesdirektøren viser til tekstdelen i ”Budsjett 2004 / økonomiplan 2004 – 2007” og tilrår slik fordeling på tenestenivå :

Teneste	Opph budsjett 2003	Rev budsjett 2003	Budsjett 2004
2301 Vedlikehald av skulebygg	6250000	6250000	8200000
2302 Vaktmeistertenester	1832000	1832000	4042000
Sum nettoløyving	8082000	8082000	12242000

Teneste 2301 Vedlikehald av skulebygg . Desse midlane er trekt ut frå skulebudsjetta. Bruken vert styrd av BES i samarbeid med skulane.

Teneste 2302 Vaktmeistertenester . Lønnskostnader knytt til driftsteam Sogndal , Førde og vaktmeister Årdal vg.

Programområde 25 – Tilpassa opplæring

Fylkesdirektøren viser til tekstdelen i ”Budsjett 2004 / økonomiplan 2004 – 2007” og tilrår slik fordeling på tenestenivå :

Teneste	Opph budsjett 2003	Rev budsjett 2003	Budsjett 2004
---------	-----------------------	----------------------	------------------

2501 Tilrettelagt opplæring (Spesialpedagogiske tiltak)	37545000	39426000	57143000
2502 PPR – teneste	7063000	7152000	8242000
2503 Oppfølgingstenesta	5144000	5363000	5256000
2504 Opplæring i sos.med institusjonar	12226000	12442000	
Sum nettoløyving	61978000	64383000	70641000

Teneste 2501 Tilrettelagt opplæring – namneending for tenesta som no omfattar all tilrettelegging for elevar i vidaregåande skule. Det tradisjonelle skiljet mellom spesialpedagogiske tiltak og ulik tilrettelegging innafor klassar/ grupper er vanskeleg å oppretthalde. Det skal framleis gjerast einskildvedtak om tiltak for elevar etter særskilt vurdering.

Kostnader til :

opplæring i sosiale og medisinske institusjonar

(i hovudsak Ungdomsavdeling Psykisk helsevern og Førde Sentralsjukehus) og

kjøp av tenester i kommunane

vil bli rekneskapsførde på eigne ansvarsområde.

Teneste 2502 PPR-teneste er omorganisert frå 01.01.04. Indre Sunnfjord – området står att.

Teneste 2503 Oppfølgingstenesta er organisert i 10 tenesteområde – med noko ulik geografisk storleik. Det er tilsett OT-koordinatorar i 4.12 faste stillingar . OT – tenesta disponerer tiltaksmidlar med til saman om lag 2.2 mill. kr.

Teneste 2504 Opplæring i sos.med. institusjonar vert ikkje vidareført. Kostnader vert førd på eige ansvarsområde under teneste 2501.

Programområde 28 – Fagopplæring

Fylkesdirektøren viser til tekstdelen i ”Budsjett 2004 / økonomiplan 2004 – 2007” og tilrår slik fordeling på tenestenivå :

Teneste	Opph budsjett 2003	Rev budsjett 2003	Budsjett 2004
2801 Fagopplæringskontora		2070000	2070000
2802 Fagprøver	3675000	3675000	4100000
2803 Tilskot til lærebedrifter	29500000	29500000	27720000
Sum nettoløyving	33175000	35345000	33890000

Programområde 29 – Andre område på opplæring

Hovudutval for opplæring

Saksbehandlar: Birger Spjeld

Arkiv: 152

Arkivsaksnr.: 04/00176

Fylkesdirektøren viser til tekstdelen i ”Budsjett 2004 / økonomiplan 2004 – 2007” og tilrår slik fordeling på tenestenivå :

Teneste	Opph budsjett 2003	Rev budsjett 2003	Budsjett 2004
2901 Landsliner m/ statstilskot	260000	162000	
2902 Internat, kantiner og idrettshallar		87000	
2904 Prosjektarbeid	550000	736000	200000
Oppdragsundervisning		330000	
2912 Vaksenopplæring	8000000	9237000	10537000
Sum Nettoløyving	8810000	10552000	10737000

Teneste 2904 Prosjektarbeid – Ei løyving på 0.2mill. kr til REAL-prosjektet vart attendeført sektoren etter slutthandsaming av budsjettet i Fylkestinget.

Teneste 2912 Vaksenopplæring Trass i sterk auke av ramma må det gjennomførast sterke avgrensingar i aktivitetsnivå i 2004.